

ARSMELDING 1991  
FOR VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

Arsmøtet for 1990 vart halde på Haukåsen 13.2.91. Der var 23 frammøtte, medrekna styret. Dette vart ein triveleg kveld med god mat og ymse underhaldning. Andris Dale spelte fele, Kari Hagaseth og Ragnhild Lundstad song, Jorun Remmen, Sigrid Marie Berge og Ingvild Oldre spelte langeleik.

1) STYRET

Leiar: Bjørg S. Berge  
Nestleiar: Nils Leine  
Kasserar: Nils Rogn  
Skrivar: Marit Feiner Bakken  
Styremedlem: Ingrid Grøv  
Varaemann: Marit Heensåsen og Sigrid Smedåsgjelten Eggen  
Revisorar: Bjørn Skøre og Ola Wangensteen, Grøv  
Valnemnd: Ingebjørg Haugen (leiar), Steinar Grøv og Andris Ødegården

Det har vore halde fem stryemøte det siste året.

2) MEDLEMSTAL

Laget har hatt 67 medlemer dette året.  
Speløvingar, hardingfele, har samla mellom 5-10 spelemenn.

3) ARSMØTE I LFS

21. og 22.april på Lillehammer. Utsendingar var Bjørg S. Berge og Marit Feiner Bakken. (Sistnemnde vart forhindra frå å møte.)

Årsmøtet vart greitt avvikla. Johan Vaa overtok som leiar etter Sigmund Eikås. Den nye logoen vart vedteken, etter mykje diskusjon.

Til kulturprogrammet laurdagskvelden var personar frå LOOC, kulturdepartementet og UD inviterte. LfS presenterte av det ypparste laget kan vise, både i spel, dans og song. Det var solospel og samspel, kveding og dans. Frå Valdres var Ingar Ranheim framme med langeleiken sin og øystreslidringane dansa springar.

Sundag var det eit seminar om bruken av norsk folkemusikk i utlandet, med representantar frå UD, Kulturdep. og fl.

#### 4) ARSMØTE I VALDRES FOLKEMUSIKKLAG

vart halde på Valdres Folkemuseum 22.3.91.Utsendingar frå oss var Bjørg S. Berge og Marit F.Bakken (vararepr. for Nils Leine) Nils Rogn vart takka for vel utførd formannsjobb, og som ny leiar vart Ingar Ranheim vald.

#### 5) LOKALLAGSLEIARMØTE

Dette vart halde på Valdres Folkemuseum den 5.9.91. Viktigaste sakene var oppsummering av lokalkappleiken,orientering om Gamaldansstemnet i Vestre Slidre og stadfesting av at Valdreskvelven skal arrangere "Runddansstemnet for Valdres 1992".

#### 6) REKRUTTERING

Valdreskvelven har eit godt samarbeid med Vang Kommunale Musikkskule.Trygve Bolstad og Ola Grihamar har opplæring av 15 hardingfeleleivar,Steinar Grøv og Øystein Nicolaisen har 11 toradereleivar,Bjørg S. Berge har 6 langeleikeleivar,Ingrid Skavhaug,Nils Oddvar Hagen og Marit F. Bakken har tilsaman 29 smådansarar.

#### 7) KURSVERKSEMD

I samarbeid med Oppland Sang- og Musikkråd , Vang Komm.Mus.sk., og Vang Kulturstyre vart det arrangert feleseminar med Hallvard T. Bjørgum på Asvang 4. mai .Dette samla i alt 18 deltagarar frå Sogn og Valdres.

7. - 9.- nov. var det toraderkurs på Asvang med Kjell Gjevre som lærar.Det var 13 deltagarar i alle aldrar.

Det vart prøvd med springarkurs i Torpeskulehuset,men det meldte seg ikkje nok deltagarar.

#### 8) TILSKIPINGAR

I samarbeid med Rikskonsertane og Vang Folkeakademi var det 4. mai ein folkemusikkonsert på Asvang med Hallvard T. Bjørgum, Kirsten Bråten Berg og Eilert Hægeland.

Den 14.sept. markerte laget Folkemusikkens og bygdedansens dag på Ryfoss Trafikksenter.Det vart spelt fele,langeleik og torader,og vi dansa og delte ut flygeblad.

Den 9. nov. var det ein stor toraderkonsert på VBU med Blåsebelg,Øystein Nicolaisen,Tom Kjetil Tørstad,Hans Ivar Blystad,Full Rulle og kursdeltakarane.

## 9) DELTAKING PÅ KONSERTAR, KAPPLEIKAR O.L.

På Lokalkappleiken på Fagernes, den 13.4., stilte mange av dei yngste opp og kom svært godt gjennom tevlingane.

På den årlege mørnstringskonserten på VBU den 22.4. spelte Ola Grihamar.

Avslutningskonserten i Musikkskulen på Høre Skule 16.6. hadde innslag både av fele-, langeleik-, toraderspelemenn og dansarar. Alle gjorde ein fin figur.

Den 2.7. spelte Bjørg S. Berge og Ola Grihamar i St.Thomas kyrkja for det tyske ungdomskorpset som gjesta Vang. På kulturkvelden 5.7. hadde toraderspelemenne Hans Ivar og Tom Kjetil og smådansarane eit fint innslag for det same korpsset.

Den 5.7. var toraderspelemenne Tom Kjetil og Hans Ivar og smådansarane på Vangsheimen .Dei spelte, song og dansa, og fekk vellete ,brus og bollar.

På Landsfestivalen i Gamaldans i Vågå 17.-21.juli toppa Tom Kjetil Tørstad juniorklassa i torader.Hans Ivar Blystad vart nummer 18 i same klassa.Dette var flotte prestasjonar.

Jørn Hilimestemnet 26.-28.juli hadde berre nokre få deltagarar frå Valdrekvelven i år.

Bjørg S. Berge spelte langeleik på olsokmessa i gamle Lomiskyrkja den 28.7.

## 10) FASTE ØVINGAR

har det ikkje vore mykje av,men spelgruppa har vore aktiv.

## SLUTTKOMMENTAR

Medlemer og andre interesserte fortener takk og ros for velvilje og støtte når noko skal arrangerast.Dette gjer det lett å arbeide i laget!